



Det var så vidt ikkje rekorden i familien Grindenvoll rauk søndag morgen. *Halvor Grindenvoll Askvik* (12) og *Jon Grindenvoll* fiska saman med meg i sone 2 natt til søndag.

Vi hadde fiska heile natta utan å kjenna anna enn småfisk då det i halv sjutida om morgonen small til på stanga til Halvor. Laksen før nedover elva i ein "sinns-svak" fart, med Halvor og meg etter. Jon "Blund", onkel til Halvor, låg i hytta ogsov, så vi måtte klara oss utan hans hjelp.

50 meter nedafor der laksen tok såg det ut til å vera "game over". Snøret sat bom fast rundt ein stein. I fleire minuttar stod vi og diskuterte kva vi skulle gjera. Det var ikkje meir vatn enn at det lét seg gjera å vassa/symja over på andre sida, og *det* hadde nok blitt løysinga om ikkje

Familierekorden heldt – så vidt:

Storfangst av Halvor Grindenvoll Askvik

snøret hadde losna av seg sjølv. To gonger til var snøret fast rundt steinar, men losna greitt begge gongane. Av og til har ein den naudsynte flaken.

Men problema var ikkje over. Fisken gjekk på "feil side" av holmen i sone 1. Nok ein gong låg det an til ein symjetur, men også denne gongen hadde vi flaks. Fisken kom sakte, men sikkert oppover i hølen og inn på vårsiden.

Resten var "a piece of cake", og etter 15-20 minuttar kunne vi endeleg håva laksen – i onkel Jon sin håv.

Han ville ikkje tru oss – onkel Jon – då vi kom opp igjen i hytta og fortalte kva som hadde hendt medan han var i draumeland. Spørsmålet no var berre om familierekorden, som onkel Jon har hatt sidan 27. august 1978, var slått. Spaninga var stor – 7.1 kilo – 9 hektato for lite til å slå rekorden. Men neste gong ryk han!



Halvor Grindenvoll Askvik har god grunn til å smila breitt. 7.1 kilo var laksen, årets nest største villaks i Oselvo. (Foto: Leif Juvik)

Fisket elles

Elles har fisket vore på

det jamne i Oselvo siste veka. Elva har hatt god vassføring lenge no, så

det er ikkje dei store "flaka" med fisk som kjem. I tillegg til mykje "Bolaks-

laks", er det villfisk frå 3-6 kilo som blir tatt, og litt sjøaure. Tert er det framleis lite av.

Også på Søfteland er det blitt tatt litt fisk. Heldigaste her er vel *Terje Monssen* som fekk to laksar på floge same kvelden. Slå den!

Andre elvar

Trøndelagselvane ser ikkje ut til å vera i toppform i år. I dei fleste er det altfor lite vatn. *Kjell A. Mikkelsen* fiska sist veke i Verdalselva, utan fangst.

Betre gjekk det for dei som fiska i Finnmark sist veke. *Ove Tumyr & co* fiska i diverse Finnmarkselvar i forrige veke med godt resultat. Fint med fisk frå 1 til 5 kilo, og fantastiske naturopplevingar. Litt lite vatn er det i mange av elvane her òg, men ikkje verre enn at fisket var bra i dei fleste. Så skal du på ein skikkelig fisketur, er Finnmark absolutt eit alternativ. Skitt fiske!